

# Ein titt i eit hi

Regnut og skoddo kjym horisontalt med syd-vesta vinden, treff dei bratte fjellsidene og lagar kvite bekka og fossa overalt.

Læt tankane sviva, der eg strevar meg oppetter den svake stien som fører til fjells. Det er nokre år siden no, faktisk ei påskehelg at eg oppdaga hilderen med krystalldrusa. Huska det var strålande sol og fint skiføre, men geologien slapp ikkje takje for det, so då eg skulle eta nisto gjekk eg inn under ein hilder, med tankje på kvartsforekomst i bakhovut, og utruleg nokk, det første eg ser er ein kvartskrystall som stikk ut or ein grastust i fjellveggen. Det viser seg at graset har røtene sine trygt forankra i ei knytneve stor drusa full med kvartskrystaller. Lenger borte var det ei drusa 0,5 m i diameter og 3 meter djup. Ho var delvis igjennmurt, sansynlegvis for at ikkje sauer skulle krypa seg fast. Om det har vore kvartskrystaller i ho veit eg ikkje, ho var tom no, men utforbi låg det ein og annen kvartskrystall.

Det er ikkje mykje påkestemming i

dag, liknar meir på nedsmeltinga etter siste istid, tenkjer eg der eg strevar meg opp den siste kneikjen. Må gjennom ein liten foss før eg er inne under den tørre hilderen og går mot druseåpningen i eigne tankar, då eg bøyer meg ned for å sjå inn i drusa, ser eg rett inn i augene på ein svart rev som sprett opp og forsvint ut i skodda og regnet. Tilbake står eg heilt stiv med nakkehåa rett ut og eit rop på leppene. Hadde aldri trutt eg skulle truffa på noko levande vesen oppi her i detta veret, men det er ofta i ruskaver ein kjem nermast inn på naturen, tenkjer eg, der eg vregjer tå meg regnkleda, finn fram fjellbjørka som eg la til tørk sist eg var her. Får fyr på grua og kaffilars over elden. Slike stunder kan ein leva ei stund på.

På veg heimat har eg, godt innpakka i lomma, ein dobbelterminert kvartskrystall med gullraude rutil hår, til minn om sølvreven som vonarleg har funne seg eit nytt tørt og lunt krypinn.

*Svenn Arre Kleivane*

Bergen og Omegn Geologiforening



Innehaver Magnus Svensli

**SMYKKE - STEN - SLIPING**

og utstyr for stensliping

Fasettsliping utføres  
Nordnorske mineraler

**AASLY - 1816 SKIPTVEDT TELEFON 09 80 85 36**